



AS Haugland VVS  
Lyngveien 2  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/1531 - 16/18309

Saksbehandlar:  
Benjamin Hicks  
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:  
27.06.2016

## Løyve til etablering av utslippsanlegg og utslippsløyve - gbnr 84/32 Kvalvågnes

**Administrativt vedtak. Saknr: 320/16**

**Tiltakshavar:**

**Ansvarleg søker:**

**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (tbl.) § 20-1

**Saksutgreiing:**

Det er søkt om etablering av utslippanlegg og utslippsløyve for utslip fra fritidsbustad på 5 PE (minireinseanlegg). Det ligg føre teknisk godkjenning av anlegget. Tiltakshavar har opplyst følgjande:

- Avløpsvann skal via nedgravd rør kobles til kisteveit som vist på tidligere innsendt skisse. Veiten er åpen som bekk 200 meter lenger mot sør og det kan bekreftes at det renner vann her hver dag hele året.
- Kisteveiten går over i åpen bekk 300 meter lenger mot nordvest og ender i et tjern med avløp via åpen bekk mot sjø. Det er ikke fare for forurensning av andre drikkevannskilder på denne strekningen.
- Hele traseen mot tjern ut over 5 meter på 84/32, er på eiendommen 84/5. Jeg er eier også av den eiendommen.

Søknaden er handsama som løyve i eitt trinn.

### **Varsling**

Varsel kan unnlates når arbeidet ikkje rører ved interessane til naboar og gjenbuarar. Kommunen legger til grunn av varsling kan unnlates i dette tilfellet.

### **Plassering av leidningar**

Grunneigar har rett til å legge ned leidning fram til utslipspunktet.

### **Resipient**

Etablering av dette utsleppet vurderast å medføre minimale forureiningsmessige ulemper.

#### **Reinsing**

Avløpsvatnet skal reinsast i samsvar med forskriftskrav.

#### **Plangrunnlag**

Eigedomen er omfatta av kommunedelplanen for Lindåsosane.

#### **Dispensasjoner**

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

#### **Frist**

Er arbeidet ikkje sett i gang innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeida innstilt i lengre tid enn to år, faller retten til å etablere utsleppet bort. Dersom utsleppet framleis er aktuelt, må ny søknad sendast inn.

#### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har vurdert prinsippa i § 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

#### **VEDTAK:**

**Kommunen gjev løyve til etablering av utslippsanlegg i samsvar med søknad motteke journalført den 03.06.2016 og seinare motteken dokumentasjon, jf. plan- og bygningslova (tbl) § 20-1.**

#### **Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:**

1. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet. Eventuelle endringar må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.
2. Tiltaket må utførast etter tekniske krav gitt i byggeteknisk forskrift 2010.
3. Målsett situasjonsplan som viser ferdig plassering i forhold til kjente bygningspunkt og grenser må vedleggast søknad om ferdigattest.
4. Tiltaket må ikkje takast i bruk før ferdigattest eventuelt mellombels bruksløyve er gjeve, jf. tbl § 21-10.

Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilstade på byggeplassen.

Lindås kommunen gjev utsleppsløyve for sanitært avlaupsvatn for fritidsbustad med ein brukseining på gnr. 84 Bnr. 32. Løyvet gjeld utslepp frå minireinseanlegg via etterpoleringsanlegg gjennom tett leidning til open kisteveit. Løyve er gitt på bakgrunn av dei opplysninga som følgjar av søknad journalført den 03.06.2016 og seinare motteken dokumentasjon. Vedtaket er fatta med heimel i forureiningsforskrifta § 12-5.

Med heimel i Forskrift om saksbehandling i byggesak § 6-8 gjev kommunen godkjenning på søknad om ansvarsrett som sjølvbyggar for Petter Kaurel for utførende arbeider knytt til ansvarsområdet «graving» i tiltaksklasse 1.

#### **Løyvet er gitt på følgjande vilkår:**

- Avløpsvatnet skal reinsast med prefabrikkert biologisk og kjemisk minireinseanlegg.

- Etter reinsing skal avløpsvatnet føres via kum til godkjent etterpoleringsanlegg og vidare gjennom open kisteveit.
- Oppheving av serviceavtale medfører bortfall av løye.
- Tomta skal knytast til offentleg eller anna felles vass- og avløppssystem og eventuell overvassleidning dersom dette vert utbygt i området.
- Utsleppet skal til einkvar tid tilfredsstille krava i forskrift om forureining §§ 12-7 til 12-13 og som skildra i søknaden. Utsleppsanlegget skal dimensjonerast, byggast, drivast og vedlikehaldast slik at det har tilstrekkelig yteevne.
- De vert hermed gjort kjent med at eigaren av avlaupsanlegg er ansvarleg for at anlegget vert drive og vedlikehalda slik at krava i utslippsløyvet vert fulgt.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/1531

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Benjamin Hicks  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Kopi til:**

Petter Kaurel	Strangehagen28	5011	BERGEN
---------------	----------------	------	--------

#### **Mottakarar:**

AS Haugland VVS	Lyngveien 2	5914	ISDALSTØ
-----------------	-------------	------	----------